

■ www.energy.sintef.no ■

**SINTEF****SINTEF Energiforskning AS**

Postadresse: 7465 Trondheim
Resepsjon: Sem Sælands vei 11
Telefon: 73 59 72 00
Telefaks: 73 59 72 50

www.energy.sintef.no

Foretaksregisteret:
NO 939 350 675 MVA

TEKNISK RAPPORT

SAK/OPPGAVE (tittel)

**Høgfrekvent støy i kraftforsyningsanlegg:
Forskrifter, måleresultat og simuleringar**

SAKSBEARBEIDER(E)

Nils Arild Ringheim *N.A. Ringheim*
Anngjerd Pleym (forfatter Vedlegg C)

OPPDRAAGSGIVER(E)

EBL Kompetanse

TR NR. TR A5737	DATO 2004-03-19	OPPDRAAGSGIVER(E)S REF. Annie Heieren	PROSJEKTNR. 12X222
ELEKTRONISK ARKIVKODE 030102nar10397		PROSJEKTANSVARLIG (NAVN, SIGN.) Helge Seljeseth <i>H. Seljeseth</i>	GRADERING Åpen
ISBN NR. 82-594-2400-2	RAPPORTTYPE 1, 2	FORSKNINGSSJEF (NAVN, SIGN.) Petter Støa <i>P. Støa</i>	OPPLAG SIDER 15 65
AVDELING Energisystemer	BESØKSADRESSE Sem Sælands vei 11	LOKAL TELEFAKS 73 59 72 50	

RESULTAT (samandrag)

"Beredskapsforskriften" (BfK) stiller generelle funksjonskrav til EMI og EMP i norske kraftforsyningsanlegg (klasse 2 og 3). I dag er myndighetskravet 30 dB demping opp til 1 GHz for driftssentraler, annan kontrollutrustning og sambandsinstallasjonar. Dette kravet er uavhengig av immuniteten til utstyret.

I eit laboratorieoppsett vart det injisert ein straumpuls med stigetid ~titals ns på kabelskjermen til 2 stk TXSE kablar (12 kV, 240 mm²), forlagt på 5 m x 8 m jordplan (maskenett med 100 mm x 100 mm rutenett, 3,4 mm trådtjukkheit). Basert på desse og tidlegare måleresultat, er den leidningsbundne delen av myndighetskravet sannsynlegvis oppfylt dersom kabelinnføringar blir avkopla til lokalt jordplan (i rom/bygningar) ev sentralt jordpunkt (i skap) med slangeklemme eller tradisjonell EMC-gjennomføring (type nytta her: Roxtec EMC modul). EMC-gjennomføring gav betre støydemping enn slangeklemme, og har i tillegg betre eigenskapar mht elektromagnetisk skjerming, branneigenskapar osv, men er eit dyrare alternativ. For store anlegg med mange kablar inn/ut, er slangeklemmealternativet vanskeleg å gjennomføre i praksis og tradisjonell EMC-gjennomføring eit betre teknisk og økonomisk alternativ. Resultata kan overførast til andre kabeltypar med tilsvarende skjermkabel (konsentrisk leiad utført som kopartrådar med motspiral av koparband), f eks PFSP og IFSI. Dempinga av dei høgfrekvente støypulsane pga jordplanet (maskenettet) sin nærleik til kabelen, gav inga målbar demping utan at kabelen samtidig var avkopla til jord i innføringspunktet.

Forsøk på å simulere forenkla modellar av måleoppsettet med maskenett, kablar og avkopling mislykkast: Basert på programvare som allereie vart nytta av fagmiljøa i tilgrensande arbeid, vart programma Concept II og CDEGS prøvde ut. Dei viste seg lite eigna for analyse av problemstillingar kring utforming av jordingsnett og kabelføring i kraftforsyningsanlegg.

Det er ein del uavklarte problemstillingar kring høgfrekvent støy og myndighetskrav. Handbøker oa legg opp til ein systematisering av tiltak vha soneinndeling for å møte dette kravet. Den reelle dempinga etter gjennomføring av tiltak er likevel usikker: Systematiske målerutinar for verifisering av anleggstilltak er fråverande. Sjølv om den leidningsbundne delen av myndighetskrava sannsynlegvis er tilfredsstillt, er den strålte delen langt meir uvisst og komplisert. Utfordringa for anleggseigar er derfor å veta kva for tiltak som er tilstrekkeleg i høve til krava som blir stilt anlegget. Dette krev meir kunnskap og undersøkingar.

For å auke kunnskapen, foreslår prosjektet ei vidareføring i ein simuleringsaktivitet. Basert på eksisterande labmodell og måleresultat, kan ein nytte ei kretsteknisk løysing (kombinasjon av analytisk og forenkla numerisk metodikk) for å auke forståinga av kva som påverkar støydempinga i anlegg med lokale jordplan (maskenett). Lengre fram kan dette legge grunnlaget for eit verktøy som både kan hjelpe til med riktig utforming av kraftforsyningsanlegg mht høgfrekvent støy og nyttast til verifisering og dokumentasjon av anlegg.

STIKKORD

EGENVALGTE	Høgfrekvent støy	Måling
	Forskrifter	Simulering

FORORD

Denne rapporten dokumenterer resultat frå delprosjektet ”Spenningskvalitet og støybeskyttelse”, som er ein del av EBL Kompetanse sitt prosjekt ”Leveringskvalitet i nettet”.

Bakgrunnen for prosjektaktiviteten er eit tidlegare treårig EMP-prosjekt i regi av EBL Kompetanse, der det vart laga ei handbok for EMP-sikring av kraftforsyningsanlegg. Under dette arbeidet såg vi ein del problemstillingar knytt til høgfrekvent støy som ikkje var tilfredsstillande avklart. Dette var td kjennskap til

- dempinga i kabelskjermen for typiske kablar nytta i kraftforsyningsanlegg
- effekten av parallellførte jordleiarar, kabelstigar mm på koplingsdempinga mellom kablar
- gode, eksisterande kabelskjermingar eller –gjennomføringar for skjerma kablar
- høgfrekvent vern (avleiarar mm)

Vidare var ein del prinsipielle spørsmål kring jordingssystematikk framleis uavklart.

Hovudvekta i denne rapporten blir lagt på problemstillingar kring jordingssystematikk: Med utgangspunkt i laboratoriemålingar, blir fornuftig utføring av jordnett og kabelføring med tanke på høgfrekvent støy undersøkt. Det blir vist ein oversikt over relevant litteratur nasjonalt og internasjonalt på dette emnet, inklusiv norske forskrifter. Rapporten foreslår også innspel til vidare prosjektaktivitet.

Utanom bedriftene som har støtta prosjektet direkte, ønskjer prosjektgruppa å takke Roxtec AS som vederlagsfritt gav oss EMC gjennomføringane som vart testa i prosjektet.

INNHALDSLISTE

	Side
1 ARBEID INNAN HØGFREKVENT STØYBESKYTTELSE.....	7
1.1 HØGFREKVENT STØY I KRAFTFORSYNINGSANLEGG	7
1.2 NASJONALT ARBEID	8
1.2.1 Regelverk.....	8
1.2.2 Handbøker.....	9
1.3 INTERNASJONALT ARBEID	10
1.3.1 IEC.....	11
1.3.2 CIGRÉ	12
1.4 REFERANSAR	12
2 MÅLINGAR	14
2.1 KORT OM MÅLEOPPSETT.....	14
2.2 RESULTAT.....	16
2.3 VIDARE ARBEID	17
2.4 REFERANSAR	18
3 SIMULERINGAR.....	19
3.1 INNLEIING.....	19
3.2 CONCEPT II	19
3.3 CDEGS.....	19
3.4 REFERANSAR	20
4 HØGFREKVENT STØY: UTFORDRINGAR.....	21
4.1 AKTØRAR VED UTFORMING AV KRAFTFORSYNINGSANLEGG	21
4.2 UTFORDRINGAR.....	22
VEDLEGG A: LITTERATUROVERSIKT	25
A.1 IEC.....	27
A.2 CIGRÉ	29
A.3 REFERANSAR	31
VEDLEGG B: MÅLINGAR.....	33
B.1 MÅLEOPPSTILLING	35
B.2 INSTRUMENTERING OG KOMPONENTAR.....	40
B.2.1 Instrumentering.....	40
B.2.2 Kabeltype.....	40
B.2.3 Støytiltak.....	40
B.3 DEFINISJON AV FIGURTEKSTAR.....	41
B.4 RESULTAT.....	43
B.4.1 Demping langsetter maskenettet.....	43
B.4.2 Summen av straumen i kabelskjerm og innerlaiar: Demping med ulike avkoplingar	44
B.4.3 Demping i innerleiar med ulike avkoplingar	46
B.4.4 Korte kablar (1m)	47
B.4.5 Verknaden av parallell potensialutjamningsleiar.....	49
B.5 BEREKNING AV KABELPARAMETRAR.....	56
VEDLEGG C: CDEGS PROGRAMVARE.....	57

C.1	SAMMENDRAG.....	59
C.2	INNLEDNING/BAKGRUNN.....	59
C.3	BEREGNINGSPROGRAMMET CDEGS.....	60
	C.3.1 Kort beskrivelse av programvaren og dens hovedanvendelsesområde.....	60
	C.3.2 Muligheter relatert til den aktuelle anvendelsen, og begrensninger	61
C.4	BEREGNINGSMODELL, BEREGNINGSFORSØK OG KONKLUSJON	62
	C.4.1 Beskrivelse av basismodellen	62
	C.4.2 Problemer i beregningene, reduksjon av modellen.....	62
	C.4.3 Konklusjon.....	63
C.5	REFERANSER.....	63

1 ARBEID INNAN HØGFREKVENT STØYBESKYTTELSE

Dette kapitlet gir ein oppdatert status over nasjonalt og internasjonalt arbeid innan temaet høgfrekvent støybeskyttelse i kraftforsyningsanlegg. Nasjonalt blir hovudvekta lagt på ein status av gjeldande retningslinjer og nye forskrifter, samt arbeid gjort dei siste åra i samband med handbøker. Internasjonalt blir det referert til arbeid utført i regi av IEC (SC 77C) eller CIGRE (WG 36.04).

1.1 HØGFREKVENT STØY I KRAFTFORSYNINGSANLEGG

I denne rapporten blir høgfrekvent støy nytta om støyfenomen med frekvensar over typisk 100 kHz. Både leidningsbundne og strålte fenomen inngår og omfattar td transientar frå direkte lynnedslag eller felt frå lynkanalar, transientar grunna koplingar i høgspenningsbrytarar, EMP (elektromagnetisk puls) osv.

For å handtere høgfrekvent støy tilfredsstillande i kraftforsyningsanlegg, er ein overordna jordingsstrategi svært viktig. Stikkord er soneinndeling med lokale jordnett (maskenett), felles innføringspunkt til kvar sone og systematisering av jording, skjerming, avleiing og filtrering ved alle soneovergangar. Jordingstiltak primært retta mot høgfrekvente fenomen, vil også auke immuniteten mot andre meir lågfrekvente forstyrringar.

Fenomena som opptrer i kraftforsyningsanlegga i dag er i stor grad dei same som for 10 - 20 år sidan. Kjeldene til støyen er derfor ganske like slik dei var for nokre år sidan, med unntak av større utbreiing av SF₆- anlegg og dermed fleire høgfrekvente eigengenererte støykjelder.

Den største endringa er skjedd på kontrollsida: Det blir i større grad nytta distribuerte kontrollanlegg i motsetnad til tidlegare sentraliserte kontrollanlegg. Det medfører at følsam elektronikk blir spreidd ut i større delar av anlegget, med tilsvarande høgare krav til lokal støydemping i ulike delar av anlegget.

Utfordringa i moderne anlegg blir å oppnå tilstrekkeleg støydemping til ein fornuftig kostnad. I tillegg er det ønskjeleg at anlegget skal kunne utvidast og endrast i framtida, samstundes som dei gode støyeigenskapane er lette å oppretthalde.

Oversikta vidare i kapitlet gir primært ein oppdatert status for nye dokument som er komen til etter at EBL Kompetanse si EMP handbok [1.1] vart gjeven ut i 2000. Det tyder at det i liten grad blir tatt med detaljar frå eldre dokument, fordi desse allereie er dekkja av handboka. Fokus er på høgfrekvente problemstillingar og spesielt retta mot utføringa av jordingsanlegget.

1.2 NASJONALT ARBEID

Det blir her gitt ei kortfatta oversikt over status for norsk arbeid innan høgfrekvent støy med relevans for kraftforsyningsanlegg.

1.2.1 Regelverk

Norsk regelverk som er relevant for tiltak mot høgfrekvente støyfenomen er:

- Beredskapsforskrift for kraftforsyningen (BfK) [1.2]
- Retningslinjer for sikring av kraftforsyningsanlegg (RSK) [1.3]
- Forskrift om EMP-beskyttelse av telekommunikasjonsanlegg (EMP-forskriften) [1.4]
- Forskrifter for elektriske anlegg – forsyningsanlegg (FEA-F) [1.5]
- Forskrift om elektrisk utstyr [1.6]

”Beredskapsforskrift for kraftforsyningen” gjeld frå 1. januar 2003, og omtalar EMP og EMI i §6.4 (d): *”EMP og EMI beskyttelse: Driftssentraler, annen kontrollutrustning og sambandsinstallasjoner i klasse 2 og 3 skal beskyttes mot elektromagnetisk puls (EMP) og elektromagnetisk interferens (EMI).”* Ut over dette generelle funksjonskravet, inneheld ikkje BfKen ytterlegare detaljering. Det skal etterkvart utarbeidast rettleiing til dei ulike delane BfKen omfattar, inklusiv EMP og EMI. Rettleiingane vil basere seg på relevante delar av RSKen, samt ein del nytt stoff.

”Retningslinjer for sikring av kraftforsyningsanlegg” vart gitt ut i 1997. RSKen gjeld parallelt med i BfKen, inntil RSKen ev blir oppheva. Dersom BfK og RSK ikkje stemmer overeins, gjeld ordlyden i BfK. RSKen har eit overordna krav til 30 dB demping mot elektromagnetiske felt opp til 1 GHz, og omfatta opphavleg følgjande anleggsdelar: *”Data-, sambands- og andre rom med elektronisk utstyr som har betydning for driften av anlegget skal beskyttes mot EMP/EMI.”* Denne formuleringa er no erstatta av ordlyden i BfK ovanfor. Beskyttelsen skal oppnåast vha skjerma rom/bygningar, og kjem i tillegg til ev eigenimmunitet i utstyr. NVE har munnleg gitt uttrykk for at dei ikkje lenger strengt følgjer ordlyden i RSKen med tanke på høgfrekvente støytiltak. Dei er med andre ord opne for å diskutere alternative utføringar av praktiske støytiltak med anleggseigar, td strategien som er valt i EMP-handboka [1.1]

”Forskrift om EMP-beskyttelse av telekommunikasjonsanlegg” var på høyring i 1999, men ligg framleis til behandling hos Samferdselsdepartementet. Forskrifta omfattar infrastruktur for etatar og verksemdar som leverer tenester innan telekommunikasjon eller data som er viktig for samfunnet ved krise, beredskap eller krig. Pga innspel i høyringsrunden frå bl a NVE, er det likevel usikkert om kraftforsyningsanlegg vil bli omfatta av ei framtidig forskrift. (Pr i dag er det også usikkert om forskrifta nokon gong kjem ut.) Dokumentet gir eit generelt funksjonskrav på 30 dB demping i frekvensområdet 100 kHz til 18 GHz. Telekommunikasjonsutstyr skal i tillegg ha ein eigenimmunitet i følgje EN 55105 (tilsvarar EN 50082-1; hushaldningsmiljø). Høgare eigenimmunitet for system og installasjonar gir tilsvarende reduksjon i det generelle beskyttelseskravet. Kravet er oppfylt dersom relevante standardar er oppfylte. Dokumentet ”Retningslinjer for beskyttelse av elektroniske installasjoner i totalforsvaret mot elektromagnetisk puls (EMP)” [1.7],

er retningslinjer til forskrifta. Publikasjonen gir ei kortfatta skildring av EMP-problematikken, og utfyller og argumenterer for forskrifta.

”Forskrifter for elektriske anlegg – forsyningsanlegg” (FEA-F) skal sikre forsvarleg elsikkerheit ved utføring av nye anlegg og utvidingar, drift, reparasjon og vedlikehald av eksisterande anlegg. Forskrifta omhandlar ikkje høgfrekvente fenomen, men definerer bl a funksjonsbaserte krav i høve til jordingsanlegget, og kan såleis legge føringar for utføringa av jordingsanlegget.


”Forskrift om elektrisk utstyr” sikrar gjennomføring av dei direktiv som er omfatta av EØS-avtala og gjeld elektrisk utstyr. Eitt av desse er EMC-direktivet.

1.2.2 Handbøker


Det eksisterer to norske handbøker som omhandlar høgfrekvente problemstillingar med relevans for kraftforsyningsanlegg:

- EMP- sikring av kraftforsyningsanlegg. Håndbok. [1.1]
- EMP håndbok frå Forsvarets logistikkorganisasjon/Informasjons- og kommunikasjonstjenester [1.8].

EMP-handboka for kraftforsyningsanlegg opnar for fleksibilitet ved val av beskyttelsstrategi: Global beskyttelse i form av skjerma rom eller bygningar, ev differensiert beskyttelse (ulik grad av beskyttelse for ulike delar av anlegget) vha skjerma kabinett, skap, apparat med høgare eigenimmunitet osb. Alternativt kan sikringstiltaka omfatte reservelager, manuell operatørkontroll og/eller fysisk avgrensing for uvedkomande kring anlegg. Dei tradisjonelle tiltaka (jording, skjerming, avleiing og filtrering) blir systematisert vha soneinndeling. Resultatet blir ein jordingsstrategi som nyttar lokale jordplan (maskenett) bunde saman av potensialutjammings-leiarar. Ved innføring av kablar til eit lokalt jordplan, nyttast innføringsplate og avkopling til jord (ev også filtrering). Prinsippet er vist i Figur 1.1 og Figur 1.2. Handboka viser først og fremst prinsippa for å oppnå støybeskyttelse i kraftforsyningsanlegg, medan detaljeringa av løysingane ikkje blir vist. Slik sett bør strategien kunne tilpassast relativt ulike krav mht til demping. Sjølv om tittelen på handboka har EMP som hovudoverskrift, er boka først og fremst ei lærebok i installasjonspraksis for den høgfrekvente delen av EMC-problematikken i kraftforsyningsanlegg.



Figur 1.1 Prinsippskisse for jordingsstrategien som er valt i EMP-handboka for kraftforsyningsanlegg.



Figur 1.2 Skisse av anbefalt praksis i EMP-handbok for kraftforsyningsanlegg ved innføring av kablar på lokalt jordplan (maskenett).

Den andre handboka [1.8], viser høg detaljeringsgrad for dei skisserte løysingane. Hovudfokus er utforming av skjermrom og detaljar knytt til dette. Til ei viss grad vil derfor dei to bøkene utfylle kvarandre.

1.3 INTERNASJONALT ARBEID

Målsetjinga med denne undersøkinga, var å fange opp ev nye forslag til utføring av jordingsanlegg, samt ev korrigere eksisterande strategi som er valt i EMP-handboka for kraftforsyningsanlegg.

Kort fortalt er det ingen opplysningar som endrar grunnleggjande på jordingsstrategien som er valt i EMP-handboka, sjå Figur 1.1. Viser likevel ein oversikt nedanfor som syner til eit utval av dokumenta som er gått gjennom.

1.3.1 IEC

IEC sin underkomite SC 77C, kalla "High Power Transient Phenomena", har mange relevante publikasjonar i høve til høgfrekvente problemstillingar. VEDLEGG A: viser ei fullstendig oversikt over desse dokumenta. Som vedlegget syner, er det ein stor aktivitet internasjonalt på dette området. I tillegg til problemstillingar kring HEMP (high altitude electromagnetic pulse), er også HPEM (high power electromagnetic) påkjenningar ein del av miljøet. (HPEM er samlenamn på menneskeskapte truslar og tilsvarar radiofrekvente våpen nytta i EMP-handboka). Også IEC 77B, kalla "High frequency phenomena", arbeider naturleg nok med publikasjonar som er interessant for kraftforsyningsanlegg og høgfrekvente problemstillingar.

I høve til oversikta over relevante IEC publikasjonar som allereie finst i EMP-handboka for kraftforsyningsanlegg, er tre nye publikasjonar påbegynt i regi av SC 77C. Dette er

- IEC 61000 Electromagnetic compatibility – Section 1: General – Part 5: High power electromagnetic (HPEM) effects on civil systems
- IEC 61000 Electromagnetic compatibility – Section 2: Environment – Part 13: High power electromagnetic (HPEM) environments – Radiated and conducted
- IEC 61000 Electromagnetic compatibility – Section 4: Test and measurement techniques – Part 33: Methods and means of measurements of high power transient parameters

61000-1-5 gir bakgrunnsinformasjon om verknaden av HPEM på sivile system, samt motivasjon for introduksjon av standardar (god fenomenskildring, eksempel på måleresultat og konsekvensar av ulike pulspåkjenningar). Med omsyn til tiltak, nemner dokumentet stort sett kjent metodikk frå tidlegare. Unntak: Overvaking av det elektromagnetiske miljøet i kombinasjon med manuell eller automatisk innkopling av avleiarar. (Sannsynlegvis mest tenleg ved repeterande menneskeskapte påkjenningar retta mot antenneinngangar.)

61000-2-13 omhandlar miljø og fenomenskildring, og definerer terminologi og begrep knytt til samlenamnet HPEM miljø. Spesielt for HPEM truslar er at dei dempar seg raskt med avstanden frå kjelda. I høve til eksisterande EMP-handbok, går IEC-publikasjonen mykje lenger i detaljering kring dette, og viser bl a eksempel på generatorar og deira karakteristika.

61000-4-33 viser eigna måle- og testmetodikk for høgfrekvente problemstillingar. Høge frekvensar stiller store krav til måleteknikk og instrumentering, og publikasjonen er eit nyttig underlag for alle som skal gjera høgfrekvente strålte eller leidningsbundne målingar.

Nemner i tillegg IEC 61000-6-6, som no er utgjeven. Dette er ein generisk immunitetsstandar mot HEMP truslar for innandørs utstyr. Det er med andre ord mogleg å nytte ein eksisterande internasjonal standard for å sikre tilstrekkeleg utstyrsimmunitet mot HEMP og tilsvarande høgfrekvente og energirike påkjenningar.

1.3.2 CIGRÉ

Den mest relevante komiteen i CIGRÉ inn mot høgfrekvente støypåkjenningar er studiekomite 36 (SC 36), kalla "Power System Electromagnetic Compatibility" (no nytt namn: C4 "System Technical Performance"), og spesielt arbeidsgruppe 36-04 (WG 36-04: EMF and EMC. General aspects, no kalla: C4.04 "EMC and EMF general aspects"). Når det gjeld systematisering av jording og jordingsstrategi, som er mest interessant for denne rapporten, har dei ikkje publisert arbeid på dette i det siste.

Gir i staden eit kort utdrag frå ein artikkel [1.9] der det er gjort EMI målingar i transformator- og koplingsstasjonar frå 110 kV til 720 kV systemspenning. Publikasjonen skil mellom luftisolerte og gassisolerte anlegg, og resultata eignar seg som underlag for oversikt over EMI fenomen som opptrer. I Tabell 1.1 er dei dominerande frekvensområda for EMI fenomen trekt ut.

Tabell 1.1 Dominerande frekvensområde for strålt og leidningsbunde EMI fenomen i eit utval luft- og gassisolerte transformatorstasjonar og koplingsanlegg. Utdrag frå [1.9]. (Eining: [typisk maks. verdi i MHz | høgaste registrerte maks. verdi i MHz]).

Type fenomen	Luftisolerte anlegg [MHz]	Gassisolerte anlegg [MHz]
Leidningsbundne (U og I)	5 20	50 115
Strålt (E og H felt)	20 30	50 140

Ein skal vera litt forsiktig med å overføre direkte resultata ovanfor til norske tilhøve (ulik systemspenning osv). Likevel bør tala vera representativ for typisk frekvensområde for EMI-fenomener i anlegga, pga f eks koplingar osv. Det er verd å merke seg at det er ein stor avstand til frekvenskrava i dagens forskrifter og retningslinjer (30 dB opp til 1 GHz i RSKen, 30 dB mellom 100 kHz og 18 GHz for EMP-forskriften). Samtidig er det viktig å understreke at tabellen ikkje seier noko om amplituden på forstyrringa, noko som sjølvstøtt er ein sentral parameter.

1.4 REFERANSAR

- 1.1. Ringheim et al: "EMP-sikring av kraftforsyningsanlegg. Håndbok"
Enfo (I dag: EBL Kompetanse). Publikasjon nr: 445-2000. ISBN 82-436-0405-7.
2000.
- 1.2 Forskrift om beredskap i kraftforsyningen.
NVE. 2002.
- 1.3 Retningslinjer for sikring av kraftforsyningsanlegg (RSK).
NVE. 1997.
- 1.4 Forskrift om EMP-beskyttelse av telekommunikasjonsanlegg (EMP-forskriften).
Høyringsutkast med følgjebrev datert 1999-07-21. Høyringsrunde avslutta 1999-10-29.
(Ikkje tatt i bruk etter høyringsrunde, ligg til behandling i Samferdselsdepartementet.)

- 1.5 Forskrifter for elektriske anlegg Forsyningsanlegg 1995.
Elektrisitetstilsynet, 1994.
- 1.6 Forskrift om elektrisk utstyr
Produkt- og Elektrisitetstilsynet, 1995.
- 1.7 Retningslinjer for beskyttelse av elektroniske installasjoner i totalforsvaret mot
elektromagnetisk puls (EMP).
Samferdselsdepartementet, 24. mars 1999.
- 1.8 EMP håndbok. 2. utgåve. Forsvarets logistikkorganisasjon/Informasjons- og
kommunikasjonstjenester (FLO/IKT). 2003..
- 1.9 Imposimato, C. et al: EMI characterization of HVAC substations – updated data and
influence on immunity assessment. CIGRE Session 2002, 36-08.

2 MÅLINGAR

Dette kapitlet gir ei kort oversikt over måleoppstillinga som er nytta, samt viser eit samandrag av resultata i tabellform. Vidare blir dei viktigaste resultata kommentert, saman med konsekvensane dette bør få på utføringa av kabelforlegning i kraftforsyningsanlegg. Til slutt blir det foreslått ei vidareføring av arbeidet, med utgangspunkt i måleresultat som ikkje kan forklarast tilfredsstillande.

2.1 KORT OM MÅLEOPPSETT


Målingane er utførde på to parallelle, einleiar kablar som er lagt direkte oppå eit jordplan (maskenett). I måleoppstillinga blir høgfrekvente støypulsar injisert på kabelskjermene. Resulterande straum langs kablane blir målt på innerleiar (målepunkt 4) eller som summen av straumen i innerleiar og kabelskjerm (målepunkt 3). Målsetjinga med målingane er å talfeste verknaden av ulike typar høgfrekvente støytiltak for kabelinnføring i eit anlegg med jordplan (maskenett), der det blir nytta ein kabeltype som har ein ytre skjerm med relativt tradisjonelle skjermingsegenskapar. Sjå Figur 2.1 og Figur 2.2 på neste side.

Måleoppsettet som er valt, liknar til ei viss grad påkjenninga ein kabel kan bli påtrykt ved innmating av høgfrekvente støystraumar i jordingssystemet (frå overspenningsavleiar el.) Dette kan føre til lokale spenningsstigningar i jordnettet, med tilhøyrande straum i kabelskjermar, jordleiarar osb. Det er også likskap til koplinga strålte elektromagnetiske fenomen som f eks LEMP (elektromagnetisk puls frå lynkanal) og HEMP (High altitude electromagnetic pulse) gjer til kablar. Normalt vil desse fenomena i tillegg ha indusert støypulsar på innerleiaren av kablane (felles modus eller common mode støy) før avkoplingspunktet, noko som i mindre grad er tilfelle i vårt måleoppsett.


Trass i at måleoppsettet ikkje nøyaktig tilsvarar tilhøva i eit reelt anlegg, kan resultata likevel nyttast til å vurdere ulike alternativ for kabelavkopling mot jordnett opp mot kvarandre med tanke på høgfrekvente støypåkjenningar.

PFSP er ein kabel som er mykje nytta i norske kraftforsyningsanlegg. TXSE, som vart brukt i målingane, tilsvarar PFSP med tanke på oppbygging av kabelskjerm (konsentrisk leiar): Begge har skjermar bygd opp av kopartrådar med motspiral av koparband (relativt glissen skjerm). Resultata i støymålingane bør derfor kunne generaliserast til å omfatte PFSP med skjermkabel av kopartråd og andre tilsvarande kabeltypar (td IFSI). Prinsippa bør også gjelde for fleirleiar PFSP, dersom desse har kopartrådsjerm med motspiral. (På ein fleirleiar ville den støystraumen vi har målt på innerleiaren av TXSE-kabelen bli fordelt likt mellom kvar enkelt innerleiar. Dvs bli n gonger mindre for ein n-leiar kabel.) Resultata kan derimot ikkje overførast til kablar der skjermen (konsentrisk leiar) er utført som aluminiumsband. (Dette er bl a tilfelle for skjermen på ein del fleirleiar PFSP 750 V kablar.)

Viser til VEDLEGG B: for fleire detaljar om måleoppstilling, instrumentering, komponentar og kabelparametrar.



Figur 2.1 Skisse av måleoppsett .



Figur 2.2 Forenkla skisse av målepunkt og -indeksar for straummålingane som er utførte. (Målepunkt 1 vist med indeks 1 på straummålinga, målepunkt 2 med indeks 2 osv.)

Avkoplinga i Figur 2.2 er skissert med gjennomføringsplate, men vart også utført med slangeklemme og heilt utan avkopling. I tillegg vart effekten av ein parallell utjammingsleiar prøvd ut ($150 \text{ mm}^2 \text{ Cu}$). Det finst derfor mange variasjonar i måleoppsettet. I kapittel 2 blir berre ei oversikt over måleoppstilling gitt, saman med eit samandrag av resultata. Fleire detaljar om måleoppstilling og -resultat finst i VEDLEGG B:.

2.2 RESULTAT

I Tabell 2.1 er det vist eit samandrag av resultata av målingane. Tala må nødvendigvis bli noko tilnærma ved samanlikning av demping, bl a fordi det kan vera stor forskjell på dempinga i første del av pulsen kontra siste delen. For dei interesserte finst detaljerte utskrifter av måleresultat i vedlegg B.4, der slike forskjellar vil kome betre fram.

Tabell 2.1 Samandrag av måleresultat: Demping av støypuls med ulike avkoplingsteknikkar. (Eining: [Antal gonger demping relativt til referansemåling | dB demping relativt til referansemåling] = $[I_{\text{straum}}/I_{\text{straum ref}} | 20 \log(I_{\text{straum}}/I_{\text{straum ref}})]^{1)}$).

Type avkopling		Ingen		Slangeklemme		Roxtec EMC gjennomføring	
Målt på		Kabelskjerm + innerleiar	Innerleiar	Kabelskjerm + innerleiar	Innerleiar	Kabelskjerm + innerleiar	Innerleiar
Lang kabel 2)	Maskenett ³⁾	1 0	1 0	~2 6	- - ⁴⁾	~2,8 9	- - ⁴⁾
	Utan PU ⁵⁾	1 0	1 0	40-80 32-38	~5 14	85 38,6	~5 14
	Med PU ⁵⁾	- - ⁴⁾	- - ⁴⁾	- - ⁴⁾	- - ⁴⁾	0,5 -6	1 0
Kort kabel 6)	Utan PU ⁵⁾	- - ⁴⁾	- - ⁴⁾	1 0 ⁷⁾	1 0 ⁷⁾	~6 15,5 ⁷⁾	~11 21 ⁷⁾
	Med PU ⁵⁾	- - ⁴⁾	- - ⁴⁾	1 0 ⁷⁾	1 0 ⁷⁾	1 0 ⁷⁾	1 0 ⁷⁾

1) Dempinga normalt gitt som det inverse av forholdet vist her: Dvs ved reell demping, blir forholdet eit tal mindre enn 1, og dette uttrykt i eininga dB er eit negativt tal.

2) Ca 5,5 m kabel etter avkopling.

3) Ser på dempinga langs maskenettet mellom målepunkt 2 og 3, sjå Figur 2.2.

4) Har ikkje målingar tilgjengeleg for desse kombinasjonane.

5) PU tyder parallell potensialutjæmningsleiar

6) Ca 1 m kabel etter avkopling.

7) Merk: Brukar slangeklemme som referanse for desse målingane. (Manglar målingar for kort kabel utan avkopling.)

Følgjande konklusjonar kan gjerast ut frå måleresultata (For informasjon om plassering av målepunkt: Sjå Figur 2.2):

- Demping av 5 m kabel forlagt på eit maskenett er (målt som sum straum av innerleiar og kabelskjerm mellom målepunkt 2 og 3, sjå Figur 2.2)
 - tilnærma null utan avkopling (tvert i mot to gonger forsterking for første pulsflanken (6 dB)). Sjå Figur B.8.
 - mellom 1,3 til ~ 2 gonger for første del av pulsen med slangeklemme som avkopling (2,5 til 6 dB). Siste del av tidsforløpet tilnærma inga demping. Sjå Figur B.9.
 - mellom 1,2 for første del av pulsen til 2,8 gonger seinare i tidsforløpet med Roxtec EMC gjennomføring som avkopling (~1,6-9 dB). Sjå Figur B.10.
- Slangeklemme som avkopling (lang kabel) gir 40-80 gonger demping i målepunkt 3 samanlikna med tala utan avkopling (32-38 dB). Tilsvarende tal for innerleiar (målepunkt 4) er ca 5 gonger demping (~14 dB). Sjå Figur B.11 til Figur B.15.
- Roxtec EMC gjennomføring (lang kabel) gir minimum 85 gonger demping (38,6 dB) i målepunkt 3 samanlikna med tal utan avkopling. Tilsvarende tal for innerleiar med Roxtec løysing er identisk med slangeklemme alternativet, dvs ca 5 gonger demping (~14 dB).
- Med kort kabel aukar dempinga med Roxtec EMC gjennomføring i høve til slangeklemme-alternativet: Tilnærma 3-6 gonger for målepunkt 3 og om lag 11 gonger for målepunkt 4 (innerleiar).

- Potensialutjammingsleiaren (PU) var ikkje optimalt kopla til avkoplingspunktet, og gav derfor ikkje forventa forbetring i dempinga: For kort kabel blir det ikkje ekstra demping pga parallell PU. Det same gjeld for målingar på innerleiar med lang kabel (berre utført med Roxtec EMC gjennomføring). Med Roxtec løysing og lang kabel i målepunkt 3 gir dette tiltaket i staden om lag ei dobling av støypulsen samanlikna utan avkopling.

Følgjande kommentarar kan knyttast til resultata:

- Lokalt jordplan i form av maskenett gir ikkje åleine tilfredsstillande demping mot høgfrekvent støy ($f > 100$ kHz). Dvs at maskenettet må nyttast i kombinasjon med metodar for avkopling av skjermkablar mot jord.
- Dersom ein nyttar avkopling med slangeklemme eller EMC-gjennomføring, er mykje gjort med tanke på den leidningsbundne delen av krava frå myndigheitene. (Gjeldane krav stilt til kraftforsyningsanlegg i retningsliner (RSK) [2.1] er 30 dB for frekvensar opp til 1 GHz. EMP-forskriften [2.2] som er til behandling i Samferdselsdepartementet, foreslår eit krav på 30 dB for frekvensar mellom 100 kHz og 18 GHz.) Dette må også sjåast i samanheng med at norske utandørs kraftforsyningsanlegg med jordnett utført som strålenett har ei demping i området 25 til 40 dB for leidningsbundne pulsar i ns-området [2.3].
- Slangeklemme eller tilsvarende avkopling vil i dei fleste tilfelle gi ei tilstrekkeleg avkopling mot høgfrekvent leidningsbunde støy. Gjennomføringar som f eks Roxtec har likevel ein del andre eigneskapar i tillegg, som kan aktualisere slike løysingar. Td elektromagnetisk tette gjennomføringar mot strålte fenomen, eigenskapar i høve til brann osv.

2.3 VIDARE ARBEID

Resultata i vedlegg B.4 er ikkje forstått fullt ut. Ein del viktige spørsmål står enno usvarde, f eks: Kvifor blir dempinga i innerleiar lik med lange kablar for både slangeklemme og Roxtec løysing, medan Roxtec er 11 gonger betre ved korte kablar? Det er ikkje ein tilsvarende demping i målepunkt 3 med korte kablar som kan forklare denne reduksjonen.

Fordi dette er eit såpass sentralt punkt i forståinga av parametraner som påverkar støynivået i systemet, bør vi bruke måleresultata til ein vidare simuleringsaktivitet: Basert på den eksisterande labmodellen, kan ein ta utgangspunkt i ein kretsteknisk løysing som nyttar ein kombinasjon av analytisk og forenkla numerisk metodikk. Målsetjinga med denne aktiviteten er å auke forståinga for kva som påverkar støynivået og –dempinga i eit system med lokalt jordnett (maskenett). I tillegg bør ein vurdere kva for avgrensing denne metodikken ev har i høve til generalisering og overføring til andre, liknande problemstillingar.

2.4 REFERANSAR

- 2.1 Retningslinjer for sikring av kraftforsyningsanlegg (RSK). NVE. 1997.
- 2.2 Forskrift om EMP-beskyttelse av telekommunikasjonsanlegg (EMP-forskriften). Høringsutkast med følgebrev datert 1999-07-21. Høringsrunde avslutta 1999-10-29. (Ikkje tatt i bruk etter høringsrunde, ligg til behandling i Samferdselsdepartementet.)
- 2.3 Ringheim, N.A.: Demping av injiserte, høyfrekvente strømpulser i jordingsanlegget til Gimse transformatorstasjon. AN 99.13.23, SINTEF Energiforskning AS, Trondheim. 1999.

3 SIMULERINGAR

Dette kapitlet oppsummerar kort to forsøk på å modellere og simulere ein forenkla modell av laboratorieoppsettet vha to kommersielle programvarer. Målsetjinga var å samanlikne og verifisere simuleringane opp mot måleresultata. På bakgrunn av dette skulle det vurderast om programma eigna seg til å vurdere høgfrekvente støytiltak i kraftforsyningsanlegg.

3.1 INNLEIING

Valet av simuleringsprogram var noko tilfeldig: Utgangspunktet var to program som det involverte fagmiljøet hadde erfaring med frå tidlegare, tilgrensande arbeid: Concept II (brukt ved FFI) og CDEGS (nytta ved SINTEF Energiforskning).

3.2 CONCEPT II

Concept II (**C**ode for **N**umerical **C**omputation of **E**lectromagnetic **P**rocesses for **T**win Wire and **T**hin Shell Structures including dielectrics) er ei programvare for numeriske berekningar av elektromagnetiske stråling og spreiding [3.1]. Programsystemet baserar seg på momentmetoda og er utvikla ved det Tekniske Universitetet i Hamburg-Harburg. Programmet har vore nytta ved FFI i Noreg sidan 1994, som nyttar det bl a til berekning av felt kring ulike geometriar, optimering av antenneplassering, evaluering av EMC-løysingar, analyse av skjermingstiltak osv.

Relativt raskt møtte programmet problem med å modellere oppstillinga vår: Kabelskjermen kunne ikkje koplart til korkje gjennomføring (dvs slangeklemme ev Roxtec EMC gjennomføring) eller pulskjelde. (Pulskjelder kunne berre koplart til innerleiarane.) Som ei følgje av dette, kunne ikkje kabelbiblioteket og tilhøyrande funksjonar nyttast. Vi vurderte ei stund å modellere kabelen frå botnen av, men pga tidlegare dårleg erfaring med dette, vart vi i samråd med FFI (utførande part) einige om å avslutte arbeidet med programmet.

Concept II eignar seg altså mindre godt til vår konkrete måleoppsett. FFI har likevel god erfaring med programmet til å berekne eksterne felt, utstråling, innkopling på kablar frå eksterne felt osv.

3.3 CDEGS

CDEGS (**C**urrent **D**istribution, **E**lectromagnetic **F**ields, **G**rounding and **S**oil Structure Analysis) er ei programpakke som består av 8 modular, og som typisk kan nyttast ved studie av jording, elektromagnetiske felt, elektromagnetisk støy/kopling, inkludert tiltak mot støy, samt ulike problemstillingar ved katodisk beskyttelse [3.2]. Berekningsmodulane arbeider i frekvensplanet, men ein FFT-modul gjer at ein kan påtrykke og få ut resultat i tidsplanet. HIFREQ i kombinasjon med FFTSES var dei aktuelle modulane for dette prosjektet. (HIFREQ: Verktøy for analyse av straumfordeling, potensial og elektromagnetiske felt kring leiarar over og under bakken. Input er

leiarens plassering, fysiske dimensjonar og materialeigenskapar. FFTSES: Modul for konvertering mellom tids- og frekvensplan.)

Programmet modellerer leiarar som punktstraumar, og deler vidare leiarane opp i segment i lengderetninga. Lengda på desse segmenta må ikkje vera lengre enn ein viss prosentdel av minste bøljelengde som blir undersøkt. Kabelskjerm (koaksial) blir representert som ei samling av enkeltleiarar. Programmet har ei avgrensing i talet på segment til maksimalt 5000.

Maksimalt tillatne segment vart fort ei avgrensing for modelleringa av laboppsettet. Etter fleire forenklingar i samråd med programvareprodusenten, lykkast det til slutt å koma under denne grensa. Då havarerte likevel programmet grunna dei konsentrerte impedansane i kabelavsluttinga (karakteristisk impedans). Etter dette vart arbeidet stoppa.

Programpakka CDEGS er derfor mindre eigna til vurderingar av høgfrekvente støytiltak i kraft-forsyningsanlegg, fordi talet på kablar over bakken er for høgt til å koma under avgrensinga på totalt 5000 segment. Programmet er likevel aktuell for analyse av jordingsanlegg med eit avgrensa tal på kablar over og under bakken.

For meir utfyllande informasjon om CDEGS og modelleringa av laboratorieoppsettet, sjå VEDLEGG C:.

3.4 REFERANSAR

- 3.1 http://www.tet.tu-harburg.de/en_EN/en_concept.php
(FFI nyttar i dag versjon 9.1.6 for Unix arbeidsstasjonar.)
- 3.2 CDEGS product description: <http://www.sestech.com/>

4 HØGFREKVENT STØY: UTFORDRINGAR

Dette kapitlet viser først dei viktigaste aktørane og deira oppgåver ved utforming av kraftforsyningsanlegg. Deretter blir det peikt på viktige anleggsutfordringar mht høgfrekvent støy, og vidare kva for kunnskapsunderlag og informasjon som enno manglar.


4.1 AKTØRAR VED UTFORMING AV KRAFTFORSYNINGSANLEGG

Tre aktørar er tungt involvert ved utforming av nye eller ombygging av eldre kraftforsyningsanlegg: Myndigheiter, anleggseigar og produsentar. Deira interesser er ikkje nødvendigvis samanfallande til ei kvar tid, men dei er alle tre med på å påverke utviklinga for morgondagens kraftforsyningsanlegg med tanke på høgfrekvente eigenskapar.

Gjennom forskrifter og retningslinjer stiller myndigheitene krav til anleggseigar, indirekte også til produsentane. Krava er basert på ei totalforsvars vurdering, og skal dekkje behova i fredstid, kriser og krig. Medan trusselbiletet endrar seg kontinuerleg avhengig av bl a den verdspolitiske situasjonen, teknologisk utvikling osv, ligg kraftforsyningsanlegga relativt urørde når dei først er bygde, med ei forventa levetid på fleire tiår. Utfordring: Balansere dagens og morgondagens trusselbilette opp mot samfunnsøkonomiske vurderingar.

Anleggseigar har ei eigeninteresse av å ha elektromagnetisk kompatibilitet i sitt anlegg: Daglegdase elektromagnetiske fenomen som anten er eigengenerert (td EMI frå koplingar i anlegget) eller naturlege (f eks lynnedslag), skal normalt ikkje påverke viktige funksjonar til anlegget. Samtidig har eigaren eit økonomisk motiv for å redusere kostnadene til anlegget. Utfordring: Oppnå høgast mogleg driftstid (oppetid) for sentrale funksjonar i anlegget, innanfor gitte økonomiske og praktiske rammer.

Produsentane utviklar og tilbyr nye løysingar, som over tid kan endre dramatisk på både anleggsutforming og/eller elektromagnetisk miljø. Eitt døme er dagens distribuerte kontrollanlegg kontra dei sentraliserte løysingane som var vanleg tidlegare. Eit anna er gassisolerte koplingsanlegg (høgare frekvens på eigengenerert støy), eit tredje introduksjon av optisk kommunikasjon på fiberkabel (støyimmunitet). Motivet for utviklinga er ofte ein kombinasjon av å utnytte og ta i bruk ny teknologi for å forbetre funksjonen og tilby rimelegare produkt. Alle produkt må tilfredsstille ei rekke produktstandardar, bl a innan EMC. Utfordring: Tilby nye tekniske løysingar med standardiserte grensesnitt til konkurransedyktige prisar.



Figur 4.1 Oversikt over aktørar som påverkar utforminga av kraftforsyningsanlegg.

4.2 UTFORDRINGAR

Myndigheiter og anleggseigar har felles interesse av at mest mogleg er avklart med tanke på sikringstiltak som kan nyttast. Det er derfor viktig at myndigheitene sine retningslinjer til BfKen snart kjem ut. Vidare at retningslinjene opnar for fleksibilitet mht korleis kraftforsyningsanlegg i klasse 2 og 3 skal oppfylle dei generelle funksjonskrava til EMI og EMP. Td med utgangspunkt i strategien som er nytta i EMP-handboka for kraftforsyningsanlegg.

Ein ny IEC produktstandard er komen som muleggjer EMP-sikra produkt i høve til denne standarden. Forventar at produsentar på førespurnad kan teste relevante produkt etter denne standarden. Anleggseigar har dermed etterkvart EMP-sikra utstyr som eitt av fleire alternativ ved utforming av sin EMC strategi.

Norske myndigheiter set i dag eit generelt krav til 30 dB demping opp til 1 GHz for ”drifts-sentraler, annen kontrollutrustning og sambandsinstallasjonar i klasse 2 og 3...” Dette er ein god del høgare enn frekvensane som er vist i fenomenoversikta for transformator- og koplingsanlegg i vedlegg A.2. Forskjellen er eit uttrykk for at trusselbiletet inneheld ein del støyfenomen med høgare frekvens enn dei tradisjonelle. Td radiofrekvente våpen, HEMP osv.

For å handtere høgfrekvent støy tilfredsstillande i kraftforsyningsanlegg, er ein overordna jordingsstrategi den viktigaste faktoren for å lykkast. Stikkord er soneinndeling med lokale jordnett (maskenett), felles innføringspunkt til kvar sone og systematisering av jording, skjerming og avleiing (samt filtrering ved behov) ved alle soneovergangar. Desse tiltaka vil auke immuniteten i anlegget ovanfor høgfrekvente forstyrringar.

Utforminga av anlegg med maskenett kontra tradisjonelle anlegg der jordingsanlegget er utført som strålenett, kan tilsynelatande verke stor. Det er den ikkje. Det handlar i stor grad om å systematisere og samordne tiltak og bygningstekniske detaljar som allereie blir utførte. Det treng

derfor ikkje bli spesielt kostnadskrevjande ved nyanlegg i forhold til tradisjonelle utforming. Utfordringa for anleggseigar blir å veta kva som er tilstrekkeleg i høve til krava som blir stilt. Og her kjem behovet for meir kunnskap inn: Det manglar i stor grad tal som viser kva demping dei ulike metodane gir. Det gjeld alt frå kabeleigenskapar, gode nok termineringsmetodar, raske nok overspenningsavleiarar og effekten av parallell potensialutjammingsleiar, til utføringa av det lokale jordnettet.

Med betre kunnskapar på desse områda, vil anleggseigar kunne tilpasse tiltaka til det som er godt nok. Dvs at det ligg eit potensiale i å spare kostnader her. Dempinga i norske utandørs kraft-forsyningsanlegg med strålenett som jordnett, ser ut til å ha ei demping i området 25-40 dB for støypulsar i ns-området, sjå [2.3]. Vidare viser målingane i denne rapporten at dempinga i det same frekvensområdet for kablar forlagt på maskenett og avkopla til jord ved inntakspunktet, er i området 30-40 dB for skjermstraumar. Den leidningsbundne delen av utfordringa ser derfor ut til å vera ivaretatt. Uvissa knyter seg derfor i høg grad til dei strålte fenomena og deira kopling til utstyr og leiarføringar.

Ei annan kompleks problemstilling gjeld verifikasjon av ferdige anlegg: Korleis kan dette gjerast innanfor ei fornuftig økonomisk ramme? Og kva for testar er det ev fornuftig å nytte? I dag er dette nærast heilt fråverande, utanom enkle impedanstestar og visuelle kontrollar. Bruk av simuleringar i kombinasjon med enkle målingar kan kanskje utviklast og lette arbeidet med dokumentasjon og verifikasjon. Ikkje minst for myndigheitene som skal kontrollere anlegga burde dette vera ei svært interessant problemstilling. Før det kan gis fornuftige svar på spørsmåla ovanfor, krevst det meir kunnskap og undersøkingar, og dette illustrerer behovet for vidare FoU-innsats på området.

VEDLEGG A: LITTERATUROVERSIKT

VEDLEGG A: LITTERATUROVERSIKT

A.1 IEC

Omfang/arbeidsområde for IEC SC 77C (sitat frå deira heimeside):

”Standardization in the field of electromagnetic compatibility to protect civilian equipment, systems and installations from threats by man-made high power transient phenomena including the electromagnetic fields produced by nuclear detonations at high altitude.

Note: High power conditions are achieved when the peak incident electromagnetic field exceeds 100 V/m.”

Tabell A.1 viser IEC-dokumenta som SC 77C har utarbeida eller overteke vedlikehaldet for.

Tabell A.1: Oversikt over IEC SC 77C sine publikasjonar med relevans for høgfrekvente problemstillingar. *Kursiv* tyder: Publikasjon var ferdig etter at EMP-handboka var avslutta, men er referert til i handboka som eit arbeidsdokument.

IEC publikasjon	Tittel
61000-1-3	<i>Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 1: General – Section 3: The effects of high-altitude EMP (HEMP) on civil equipment and systems</i>
61000-2-9	Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 2: Environment - Section 9: Description of HEMP environment - Radiated disturbance. Basic EMC publication
61000-2-10	Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 2: Environment - Section 10: Description of HEMP environment - Conducted disturbance
61000-2-11	<i>Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 2: Environment - Section 11: Classification of HEMP environments</i>
61000-4-23	<i>Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 4: Testing and measurement techniques - Section 23 Test methods for protective devices for HEMP and other radiated disturbances</i>
61000-4-24	Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 4: Testing and measurement techniques - Section 24: Test methods for protective devices for HEMP conducted disturbance - Basic EMC Publication
61000-4-25	<i>Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 4: Testing and measurement techniques - Section 25: HEMP immunity test methods for equipment and systems</i>
61000-4-32	<i>Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 4: Testing and measurement techniques - Section 32: High-altitude electromagnetic pulse (HEMP) simulator compendium</i>
61000-5-1 ¹⁾	Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 5: Installation and mitigation guidelines - Section 1: General considerations - Basic EMC publication
61000-5-2 ¹⁾	Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 5: Installation and mitigation guidelines - Section 2: Earthing and cabling
61000-5-3	Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 5: Installation and mitigation guidelines - Section 3: HEMP protection concepts
61000-5-4	Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 5: Installation and mitigation guidelines - Section 4: Immunity to HEMP - Specifications for protective devices against HEMP radiated disturbance. Basic EMC Publication
61000-5-5	Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 5: Installation and mitigation guidelines - Section 5: Specification of protective devices for HEMP conducted disturbance. Basic EMC Publication
61000-5-6	<i>Electromagnetic compatibility (EMC) - Part 5: Installation and mitigation guidelines - Section 6: Mitigation of external EM influences</i>
